

# Ein laurbærkrans verdig


**LOKALHISTORIE:** Sulingar og alle de andre som får årets sogeskrift frå Solund i nevane: Gle dykk! Sogelaget har stått øvst på pallen i fleire år og kliner i år til med ei bok på heile 325 sider!

Om vi held oss i sportsverda, med sigerspall og rekordar, kan vi like godt dele ut laurbærkransen til Solund først som sist. I nemnda også for det 15. skriftet i rekka, sit Bjørn Magne Hansen, Magne Hamre, Finn J. Hugøy og Hans H. Steinsund. Men dei har fått god hjelp av flinke skribentar som med innsikt og innleving gjev til beste kultur og lokalhistorie av godt merke. Arbeidet sogelaget legg ned, året til ende, vert sett stor pris på. Ikkje alle «legg like mykje i skåla», men eit ektepar, som stadig vil vere anonyme, har gitt 2000 kroner i år, attåt fleire gåver før. Slikt inspirerer.

Sidan vi er i ein øykommune, der havet gav og tok, er mange av artiklane direkte knytt til det maritime og fiskeri. Sidan det er 70 år sidan andre verdskrigen tok slutt, er det sett av plass til litt krigssoge òg mellom dei 40 artiklane.

**VI VERT** kjende med lokale stader som Kråkesundet, Tverangerpollen, Hersvik, Kråkevåg, Austrefjorden og Tungodden, møter dei lokale kjendisane Lina og Aletta, dreg med motorbåt frå Enstad til Røyksund, får innsikt i elektrisites-, telefon- og veghistoria og lærer om kvernhus. Kan hende visste du ikkje at Solund hadde sitt eige skuleskip? Jaudå, «Laagøyfjord», hadde den rolla.

Innleiingsvis vert det fortalt om eit dødsfall på Strand julaftan i 1910, før vi tek imot det nye prestefolket, Olaug og Bjarne Bø, i 1958. Hjalmar Tjelta



**LESEVERDIG:** Med jubileum og rekordstort sogeskrift takkar skriftstyret for turen og går i land. Dei ønskjer lesaren lune og lukkelege lesestunder. Jubileumsskriftet er ei bok å vere stolt av.

hadde si første presteneste her frå 1930-38, og han kom igjen som vikar i 1970-åra. Vi får også vite korleis Hersvikbygda fekk kyrkja si, les om Solund prestegjeld gjennom åra, og dei fem engelske gravene frå 1917 på Hardbakke kyrkjegard.

Frå krigssoga elles er vi med på arrestasjonen av Schrøder Leonard Evensen og les om bombinga av Ytvær fyr i februar 1945. Vi får kunnskap om Bratholm-tragedien i Troms 1943. Tru sulingar var menneskap om bord i M/K «Bratholm». Berre ein frå menneskapet kom unna fienden, hovudpersonen i filmen «Ni liv», Jan Baalsrud, og utdrag frå rapporten hans frå 23. september 1943, er med her.

Ein skribent fortel om teneste lokalt, ein annan om livet på dei sju hav. Og ein om mannfolkprat i lugaren. Vi møter kroppsarbeidaren Jan Johan Hagen, og Karl Hagen, ein nord-

suling i frisk seglas. Han var kjend mellom anna som smart ålefiskar. Karl var busett i Dale og sette livet til der i ein tragisk brann 3. nyårsdag i 1986.

**DØD HANDLAR** det også om i stykket «Den vindfulle vinteren og våren 1921», då tre menneske ein dag sette livet til i snøstorm på Åfjorden. Lødigare lesnad finn vi i sogene etter Jon Kvalvik og stykket om M/S «Hugin», ein båt med sjel.

Vi tek med at det rikhaldige skriftet også har glimt frå Solundarkivet og årsmeldinga til laget frå det fjortande arbeidsåret. Laget har heile 230 medlemmer, av dei er kring 105 busette utanfor kommunen. At så mange sluttar opp om laget er det beste prov på at arbeidet blir sett pris på. Så her er det berre for den nye skriftnemnda å gje gass.

**Atle Lyngstad Ness**